



INDREMISJONSFORBUNDET

Med Guds Ord til folket

5353 Straume, den 6. desember 2012

Bankkrav om registrering i Brønnøysund

Me får melding om at ei rekkje av indremisjonsforeningane no får krav frå banken om å registrera laget/foreningen i Brønnøysundregisteret. Dersom det ikkje vert gjort vil kontoen verta registrert på ein privatperson.

Bakgrunnen for kravet om registrering, anten i Brønnøysundregisteret eller på privatperson, er eit ledd i myndighetene sin kamp mot kvitvasking av pengar. Dette er neppe eit stort problem i indremisjons-samanheng, men her vert alle greidd med ein kam.... Så me kjem nok ikkje unna dette kravet.

Me frårår sterkt å registrera foreningen/laget sin bankkonto på ein enkeltperson. For det første er dette ei uheldig samanblanding av privatøkonomi og fellesskapsmidlar. For det andre vil då laget/foreningen sitt bankinnskot verta registrert som formue hos ein privatperson. For det tredje vil bankinnskotet truleg vera tapt dersom den aktuelle privatpersonen skulle falla frå. Bankinnskotet er registrert på vedkomande og vil då automatisk gå inn i buet.

Vår tilråding er at indremisjonsforeningane/laga velgjer den enklaste vegen; registrering via Frivillighetsregisteret. Då slepp ein unna med 16 enkeltspørsmål.

Frivillighet Norge har laga ein detaljert ”steg-for-steg-manual” for framgangsmåten ved elektronisk registrering i Frivillighetsregisteret. Manualen ligg ved.

Eit par formalitetar må vera i orden før laget/foreningen kan registrerast. For det første må det føreliggja ein underskriven protokoll frå siste årsmøte. Protokollen må visa kven som er med i styret. For det andre må laget/foreningen ha vedtekter. Dersom laget/foreningen ikkje har vedtekter rår me til å bruka ”Mal for lokalforeningslover” som ein finn i Bedehushandboka.

Skulle noko vera uklårt kan det vera fornuftig å kontakta Brønnøysundregisteret, tlf 75 00 75 00.

Og, heilt til slutt: Ta gjerne kontakt med banken. Fristen for å ordna dette er 010113, men det er godt mulig å få utsett denne fristen, dersom prosessen med registrering er i gang.

Lukke til!

Med vennleg helsing
INDREMISJONSFORBUNDET
Ingebrigt S. Sørfohn
økonomileiar

Adresse
Postnr Sted

Telefon xx xx xx xx
Telefax xx xx xx xx

Bankgiro xxxx xx xxxx
E-post: n.nn@imf.no